

Intern utlysning: Miljøarbeidar - Hardanger produksjonsskule - Hjeltnes

Hordaland fylkeskommune



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune gir vidaregåande opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir òg opplæring til alle med særskilte behov. Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse.

Hordaland fylkeskommune har som mål å auke gjennomføringa av vidaregåande opplæring. Ei viktig satsing i dette er å få ungdom som har falt ut av vidaregåande opplæring, tilbake til opplæringa. Dette arbeidet skjer i regi av ppfølgingsstenesta i Hordaland fylkeskommune. Eit tiltak for å nå dette målet er å opprette ein produksjonsskule med heildøgn drift på Hjeltnes i Hardanger frå hausten 2018. Målgruppa er ungdom mellom 16 og 21 år som har falt ut av vidaregåande opplæring og som treng ein veg inn igjen.

Gjennom deltaking på skulen skal ungdomen få danning og kvalifisering gjennom ein produksjon, lære om arbeidslivet sine spelereglar, få opplæring i grunnleggjande ferdigheitar etter behov og naudsynt rådgiving. Tiltaket er basert på praktisk arbeid og produksjon knytt til ulike utdanningsprogram og skal styrke deltakarane si personlege utvikling og betre deira moglegheit i utdanningsløpet.

Arbeidsoppgåver

- Me søker miljøarbeidar i full stilling til Hardanger produksjonsskule. Arbeidstida til stillinga er delt mellom dag og kveld. På dagtid vil du vere knytt til i verkstaden "Digital verkstad - spelutvikling". Det er derfor ein fordel at du har erfaring/kunnskap/interesse knytt til å arbeide kreativt på ein digital plattform.
- På ettermiddag/kveld er du med å skape eit trygt og godt ungdomsmiljø på internatet.

Kvalifikasjonar

- Ynskjeleg med utdanning og/eller erfaring med arbeid med ungdommar
- Ynskjeleg med bilsertifikat for å kunne ha aktivitetar utafor skulen
- Den som skal tilsetjast i vidaregåande skole må leggje fram politiattest
- Alle nyttilsetjingar i Hordaland fylkeskommune blir gjort med ei prøvetid på 6 månader

Utdanningsnivå

- Fagbrev / Sveinebrev
- Vidaregåande skule

Personlege eigenskapar

- Sterkt engasjement for arbeid med ungdom.
- Evne til å kommunisere med brukargruppa og skape triveleg og inkluderande arbeids- og læringsmiljø.
- Initiativrik og fleksibel.

Vi tilbyr

- Hardanger produksjonsskule har personalbustad og kantine på skulen.
- Løn etter fylkeskommunale regulativer med gode forsikrings- og pensjonsordningar.
- Vi gjer merksam på at i følge offentleglova § 25, 2. ledd kan opplysningar om søkjaren verte offentleggjort sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på offentleg søkjarliste. Søkjaren vil alltid bli varsla på førehand dersom søkjarlista vert offentleggjort

Søknadsfrist:

24.03.2019

Nøkkelinformasjon:

Annonsør:
Hordaland fylkeskommune

Ref. nr.: 4038243899
Stillingsbrøk: 100%
Fast
Tal på stillingar: 1

Kontaktinfo:

Håkon Gjerde
avdelingsleiar
56538813

Baste Bruarøy
Dagleg leiar
97196055
baste.bruaroy@hfk.no

Søjkriterium:

Stad
Heile Hordaland

Bransje
Fylkeskommune /
Kommune

Fagfelt
Undervisning / Opplæring

Rolle
Medarbeidar

Arbeidsstad:

Hjeltnesvegen 185, 5730
Ulvik



[Vis arbeidsstaden på eit større kart](#)